

Notat – nr. 2/2022

Bjarte Folkestad

Folkerøysting - Haram kommunedel ut av Ålesund kommune?

Fordeling av førehandsrøyster i valkrinsane Vatne og Tenfjord og Søvik og Grytastranda



Forfattar	Bjarte Folkestad
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/

Folkerøysting - Haram kommunedel ut av Ålesund kommune? Fordeling av førehandsrøyster i valkrinsane Vatne og Tenfjord og Søvik og Grytastranda.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnerne i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjoner av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføremål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manuset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Innleiing

På førespurnad frå Siv Ulla (Ålesund Arbeidarparti) har eg i sett nærare på folkerøystinga i gamle Haram kommune som vart gjennomført mellom 24.februar og 03.mars 2022.

Siktemålet med notatet er å kunne seie noko om korleis førehandsrøystene fordelar seg i valkrinsane Vatne/ Tennfjord og Søvik/ Grytastranda. Desse to valdistrikta er særleg interessante å sjå på ettersom det var dei einaste som hadde fleirtal for å verte verande i Ålesund kommune, når ein ser på resultatet av røystene på valldagen.

Me startar dette notatet med å sjå på korleis røystene fordele seg på valldagen (såkalla valtingsrøyster) etter valkrinsane. Deretter ser me på fordelinga førehandsrøystene, før me ser på nokre moglege scenario for korleis desse fordelar seg etter valkrinsar.

Bakgrunn

Spørsmålet om kommunegrenser i nye Ålesund kommune har skapt mykje engasjement. Ålesund kommune er den einaste av dei sokalla tvangssamanslårte kommunane som har gjennomført folkerøysting, der det har vore spørsmål om reversering av kommunesamanslåing. Den 25.november 2021 vedtok Ålesund kommunestyre å gjennomføre ei folkerøysting i gamle Haram kommune. Vedtaket vart gjort på grunnlag av innbyggjarinitiativet «Haram ut av Ålesund» som gjennom ein underskriftskampanje hadde krav om folkerøysting.

I folkerøystinga kunne ein røyste på tre alternativ:

- Eg ønsker at tidlegare Haram kommune skal fortsette å vere ein del av Ålesund kommune
- Eg ønsker at tidlegare Haram kommune skal bli utskilt som eigen kommune
- Blank

Dette notatet er ein analyse av tala slik dei ligg føre i saksframlegget til kommunestyremøte den 17.mars.2022. Sjølv om førespurnaden til å sjå nærmere på fordelinga av førehandsrøyster kjem frå den gruppa av aktørar som ynskjer at gamle Haram skal ut av Ålesund kommune, er ikkje dette notatet noko partsinnlegg som er meint å skulle forsvare ulike val i denne prosessen. Det er eit politisk spørsmål. Dette notatet peikar på moglege utfall av korleis førehandsrøystene fordelar seg. Det seier soleis ikkje noko om kva ein bør gjere eller meine om spørsmålet om kommuneinndeling.

I framstilling av ulike moglege scenario for korleis førehandsrøystene fordelar seg etter valkrins og røystalternativ, er det forsøkt å tydeleggjere føresetnadane for slike framstillingar så klart som råd. Framstillingane vil ha uvisse ved seg.

Valresultatet

I framstillinga til kommunestyremøte i Ålesund kommune 17.mars2022 er valresultatet framstilt slik:

Tabell 1: Fordeling av valtingsrøyster etter valkrins og røystalternativ

Krets:	Stemmerett	Vil bli verande i Ålesund	Vil skilje ut Haram	Blank
	67	0	0	0
Vatne og Tønnfjord	2414	601	570	23
Tellekrets Brattvåg, Helland, Hildre og Fjørtoft	2819	68	384	8
Lepsøy	287	61	116	0
Haramsøy og Longva	894	110	278	10
Søvik og Grytastranda	1348	300	228	10
Totalt:		1140	1576	51

Kjelde: Dokument til kommunestyret 17.03.2022 «Spørsmål om kommunedeling – avgjerd»

I tabellen er det vist røyster i absolutte tal, det vil seie kor mange røyster som har røysta på dei ulike alternativa. Den øvste raden med tala 67; 0; 0; 0 har ikkje nokon tilhøyrande valkrins og det går heller ikkje fram av tabellen kva røyster dette er. Det vert antatt at det er røystene til innbyggjarar utan fast bustad (dette talet kjem igjen i ein annan tabell i dokumentet som viser fordeling av førehandsrøyster etter valkrins).

Vidare i dokumentet er førehandsrøystene framstilt fyrst etter kor mange som har førehandsrøysta i dei ulike valkrinsane:

Tabell 2 Fordeling av førehandsrøyster etter valkrins

Krets:	Stemmerett	Førehandsstemme	% vis oppmøte
Utan fast bustad	67	1	1,49
Vatne og Tennfjord	2414	332	13,75
Brattvåg, Helland, Hildre	2717	1484	54,62
Lepsøy	287	61	16,03
Haramsøy og Longva Fjørtoft	894 102	110 9	21,81 8,82
Søvik og Grytastranda	1348	302	22,40

Kjelde: Dokument til kommunestyret 17.03.2022 «Spørsmål om kommunedeling – avgjerd»

Deretter har ein lagt fram resultatet av førehandsrøystene samla for Haram kommunedel:

Tabell 3 Fordeling av førehandsrøyster etter valalternativ

Førehandsstemmer	Vil bli verande i Ålesund	Vil skilje ut Haram	Blank
Totalt:	294	2066	20

Kjelde: Dokument til kommunestyret 17.03.2022 «Spørsmål om kommunedeling – avgjerd»

Alle tabellane er lagt fram som absolutte tal, det vil seie at det ikkje er gjort prosentueringar i tabellane. Det er heller ikkje opplyst om prosenttal i teksten som gjeld valkrinsane.

I tabell 4 er det gjort prosentuering basert på tabellen som vart presentert til kommunestyret. Dette er basert på dei tala som er rapportert i dokumentet som er lagt fram for kommunestyret.

Tabell 4 Fordeling valtingsøryster etter valalternativ og valkrins (tal i prosent)

Valkrins	Valalternativ		
	Fortsette å vere ein del av Ålesund kommune	Utskilt som eigen kommune	Blank
Vatne og Tennfjord	50.3 %	47.7 %	1.9 %
Søvik og Grytestrand	55.8 %	42.4 %	1.9 %
Brattvåg	14.8 %	83.5 %	1.7 %
Lepsøy	34.5 %	65.5 %	0.0 %
Haramsøy og Longva	27.6 %	69.8 %	2.5 %

Kjelde: eigne utrekningar basert på tabell frå dokument til kommunestyret 17.03.2022

Spørsmål om kommunedeling - avgjerd

Tala viser at det i valkrinsen Vatne/Tennfjord er fleirtal (50,3 prosent) for å verte verande i Ålesund. I valkrinsen Søvik/Grytastrand er det fleirtal, 55,8 prosent, for å bli verande i Ålesund kommune. I dei andre valkrinsane er det eit stort fleirtal for å verte utskilt som eigen kommune, og særleg gjeld dette Brattvåg valkrins, der 83,5% på valdagen røysta for dette alternativet. Alternativet blankt ligg på rundt 2 % i alle valkrinsane, utanom Lepsøy, der ingen røysta blankt på valdagen.

Tabell 5 viser korleis førehandsrøystene fordeler seg:

Tabell 5 Fordeling av førehandsrøyster

	Valalternativ		
	Fortsette å vere ein del av Ålesund kommune	Utskilt som eigen kommune	Blank
Førehandsrøyster i prosent	12.4 %	86.7 %	0.8 %
Førehandsrøyster i absolutte tal	294	2053	20

Kjelde: eigne utrekningar basert på tabell frå dokument til kommunestyret 17.03.2022

Spørsmål om kommunedeling - avgjerd

Førehandsrøystene går - i større grad enn røystene på valldagen - i retning av alternativet «Utskilt som eigen kommune». I alt 86,7% av førehandsrøystene landa på dette alternativet. Det er ei resultatfordeling som minner om fordelinga i Brattvåg valkrins på valldagen.

Tabell 6 viser valdeltakinga i valkrinsane, og kor stor del førehandsrøystene utgjer av valdeltakinga. Tabellen viser også kor stor del førehandsrøystene fra dei ulike valkrinsane utgjorde av det totale talet på førehandsrøyster:

Tabell 6 Valdeltaking, førehandsrøystene sin del av valdeltakinga og valkrinsen sin del av alle førehandsrøystene

Valkrins	Valdeltaking	Førehandsrøyster sin del av valdeltakinga	Valkrinsen sin del av førehandsrøystene
Vatne og Tønnesfjord	63.2 %	21.8 %	14.1 %
Søvik og Grytestrand	62.3 %	36.0 %	12.8 %
Brattvåg	69.3 %	76.4 %	63.4 %
Lepsøy	82.9 %	25.6 %	2.6 %
Haramsøy og Longva	56.8 %	21.7 %	4.7 %

For Brattvåg sin del er valdeltakinga i krinsen i underkant av 70 %. Av røystene som vart gitt var over $\frac{3}{4}$ førehandsrøyster. Vidare viser tabell 6 at førehandsrøyster frå Brattvåg valkrins utgjorde 63,4 % av den totale mengda førehandsrøyster. Brattvåg valkrins hadde altså flest

førehandsrøyster, og Brattvåg valkrins skil seg også ut ved at ein her hadde fleire førehandsrøyster enn valdagsrøyster. For dei andre valkrinsane ser me at fleirtalet av veljarane røysta på sjølve valldagen (mellan 21,7 og 36 prosent røysta på førehand i desse valkrinsane).

I sum viser desse tala at Brattvåg valkrins skil seg ut frå dei andre valkrinsane ved å ha ein langt større del av førehandsrøystene totalt for kommunedelen, og at Brattvåg i større grad enn dei andre valkrinsane røysta på førehand. I Brattvåg valkrins er også fleirtalet for at Haram kommune skal verte utskilt som eigen kommune vesentleg større enn i dei andre valkrinsane. Samstundes viser tala at det også i Lepsøy og Haramsøy/Longva er nokså klare fleirtal for exit-alternativet. Lepsøy merkar seg ut som den valkrinsen med høgast valdeltaking, som var på 82,9%.

Ulike scenario for fordeling av førehandsrøyster

Vi har ikkje tal for valkrinsane som viser korleis førehandsrøystene fordele seg på valalternativa.. Det neste spørsmålet i dette notatet vert korleis desse førehandsrøystene fordele seg etter valalternativa i Vatne/Tennfjord og Søvik/Grytastranda. I Vatne/ Tennfjord er det eit knapt fleirtal for å verte verande i Ålesund kommune, medan det i Søvik / Grytastranda er 55, 8 prosent av veljarane som har stemt for å verte verande i Ålesund kommune. I saksframlegget til kommunestyret 17.mars 2022 står det at:

Fordi dei som stemte på førehand er samla i ein krets, kan ein ikkje lese ut kva dei som høyrde til Vatne og Tennfjord krets eller Søvik og Grytastranda krets stemte, men det er heller ikke grunnlag for å seie at dette skulle fråvike frå det førehaldsmessige resultatet på valdagen. (Dokument til kommunestyret 17.03.2022 «Spørsmål om kommunedeling – avgjerd»)

Formuleringsa «fråvike frå det førehaldsmessige resultatet på valdagen» opnar for ulike tolkingar. Betyr det at fordelinga av førehandsrøystene er tilnærma lik som på valdagen, eller er det litt større skilnader? I det fylgjande ser me nærmare på ulike scenario der me varierer korleis førehandsrøystene kan tenkast å fordele seg etter dei ulike valalternativa. Sjølv om me ikkje har tal for korleis dei ulike førehandsrøystene fordele seg i dei ulike valkrinsane, så veit me:

- Det samla talet på førehandsrøyster (summen av røystene i tabell 3 er 2380)
- Kor mange førehandsrøyster som vart gjeven i dei ulike valkrinsane (sjå tabell 2)
- Korleis førehandsrøystene fordele seg etter valalternativa (sjå tabell 3)

Me kan starte med eit scenario der førehandsrøystene fordeler seg slik som på valdagen. Då tek me summen av førehandsrøyster og multipliserer med det prosenttalet me trur det skal

vere for dei ulike valalternativa.¹ I tabell 7 nedanfor er det altså lagt inn at førehandsrøystene har same fordeling som valtingsrøystene. For Vatne og Tennfjord blir det då 50,3% for bli-alternativet, 47,7% for exit-alternativet og 1,9% for blank-alternativet. Fordelinga er gjort med utgangspunkt i dei tre kolonnane til høgre i tabellen der bli-alternativet utgjer 167 røyster, exit-alternativet 158 røyster og blank-alternativet 6 røyster.

Tabell 7 Scenario 1 førehandsrøyster har same fordeling som valtingsrøyster

Sum førehandsrøyster og valtingsrøyster			Sum førehandsrøyster		
	Bli	Exit	Blank	Bli	Exit
Vatne og Tennfjord	768	728	29	167	158
Søvik og Grytestrand a	468	356	16	168	128
Vatne og Tennfjord	50.3 %	47.7 %	1.9 %		
Søvik og Grytestrand a	55.8 %	42.4 %	1.9 %		
Sum røyster				336	286
					12

Av tabell 7 går det fram at den prosentmessige fordelinga er lik fordelinga som var på valdagen (sjå radar med prosenttal). Men det er viktig å få fram at dette scenarioet ikkje er realistisk. Det viser seg når me summerer opp førehandsrøystene i absolutte tal i den nedste raden, der summen for bli-alternativet vert 336. Det talet overstig totalen av førehandsrøystene som vart gitt til bli-alternativet på 294 førehandsrøyster. Dermed er det grunn til å tru at førehandsrøystene frå Vatne/Tennfjord og Søvik/Grytastrand også har ein høgare del exit-røyster enn det som er tilfellet på valdagen.

Lat oss derfor tenke oss eit scenario der fordelinga av røystene er meir i favør av exit-alternativet, der 55% av førehandsrøystene går til exit-alternativet, 44 % til bli-alternativet og 1% til blank. Det gjev fylgjande fordeling:

¹ For å forenkle notatet blir alternativet «Fortsette å bli verande i Ålesund kommune» omtala som bli-alternativet medan «Utskilt som eigen kommune» blir omtalt som exit-alternativet.

Tabell 8 Scenario 2 førehandsrøyster litt meir i favør av exit (55%)

	Sum førehandsrøyster og valtingsrøyster			Sum førehandsrøyster		
	Bli	Exit	Blank	Bli	Exit	Blank
Vatne og Tennfjord	747	753	26	146	183	3
Søvik og Grytestrand a	436	394	13	136	166	3
Vatne og Tennfjord	49.0 %	49.3 %	1.7 %			
Søvik og Grytestrand a	51.9 %	46.9 %	1.6 %			
Sum førehandsrø yster				282	349	6

Her ser me at summen av bli-førehandsrøyster er på 282. Det talet overstig ikkje totalen på 294, men det er likevel grunn til å vurdere dette scenarioet som lite realistisk. Dersom Vatne/Tennfjord og Søvik/Grytastranda skulle hatt så mange førehandsrøyster for alternativet ‘bli verande’, så vil dei 282 bli-røystene utgjere 96% av den totale mengda bli-førehandsrøyster. Det betyr at det står att 12 bli-røyster å fordele på dei andre valkrinsane Brattvåg, Lepsøy og Haramsøy/Longva. Sjølv om det er grunn til å tru at talet på bli-røyster er lågare i desse valkrinsane er det ikkje rimeleg å forvente at bli-røyster skal utgjere mindre enn 1% av førehandsrøystene.² Dersom førehandsrøystene hadde fordelt seg slik, ser me at det framleis er eit knapt fleirtal i valkrisen Søvik/Grytastranda, medan det i Vatne/Tennfjord er exit-alternativet som har flest røyster, men ingen alternativ har meir enn 50%.

Dersom med ser føre oss eit tredje scenario der førehandsrøystene er meir i favør av exit (70%) får me denne fordelinga:

² Sett til dømes at 12 av dei resterande bli-førehandsrøystene gjekk til Brattvåg valkrins så ville desse utgjere dette bety at bli-alternativet fekk 0,8% i Brattvåg valkrins (12 delt på 1484). Altså at førehandsrøystene i Brattvåg i dette tenkte tilfelle ville fordele seg med 98,2% exit-alternativ, 0,8% bli-alternativ og kanskje 1,0% blank-alternativ.

Tabell 9 Scenario 3 førehandsrøyster meir i favør av exit-alternativet (70%)

	Sum førehandsrøyster og valtingsrøyster			Sum førehandsrøyster		
	Bli	Exit	Blank	Bli	Exit	Blank
Vatne og Tennfjord	699	801	26	98	231	3
Søvik og Grytestrand a	389	438	13	89	210	3
Vatne og Tennfjord	45.8 %	52.5 %	1.7 %			
Søvik og Grytestrand a	46.3 %	52.1 %	1.6 %			
Sum førehandsrøyster				187	441	6

I dette tilfellet er førehandsrøystene for bli-alternativet i valkrinsane Vatne/Tennfjord og Søvik/Grytastranda mindre enn den totale summen for bli-alternativet av dei samla førehandsrøystene (på 294). Scenario 3 er soleis meir realistisk enn scenario 1, men det utgjer likevel ein stor del av bli-førehandsrøystene (187 røyster utgjer totalt 63% av dei 294 bli-førehandsrøystene). Ein kan derfor spekulere i om førehandsrøystene i desse valkrinsane kan tenkast gå i favør av exit-alternativet. Viss me summerer prosenttala, som er summen av valtingsrøystene og dei predikerte førehandsrøystene, vert det eit fleirtal på rundt 52 % for exit-alternativet i både Vatne/Tennfjord og Søvik/Grytastranda.

Oppsummering

Det er alltid ei krevjande øving å predikere kva som er utfallet av noko som er ukjent eller usikkert. I tilfellet om folkerøysting om Haram skal ut av Ålesund kommune kjenner me korleis valresultatet har fordelt seg blant valtingsrøystene (dei røystene som vart gitt på sjølve valdagen), men me kjenner ikkje korleis resultatet av førehandsrøystene er på valkrinsnivået. I dette notatet har eg sett på tre ulike scenario og vurdert korleis dette kan påverke det samla valutfallet, der ein kombinerer både førehandsrøyster og valtingsrøyster. Basert på desse utrekningane er det grunn til å tru at det kan vere eit lite fleirtal for exit-alternativet også i valkrinsane Vatne/Tennfjord og Søvik/Grytastranda. Det er likevel viktig å understreke at det er uvisse rundt desse tal, og det kan vere feil i utrekningane.

Konklusjonen er likevel at det truleg er to valkrinsar som er nokså delt i synet på kommunegrenser og kommunetilhørsle. Både valtingsrøystene og innbyggjarundersøkinga (som ikkje er omtalt her, men som er omtalt i innstillinga til kommunestyre 17.03) peikar på ei befolkning som er splitta nær 50/50 i synet på kommunetilhørsle. Fordelinga av førehandsrøystene kan moglegvis «tippe» fleirtalet i exit-alternativet, men det er likevel ikkje tale om fleirtal som er så tydlege som ein ser i Brattvåg valkrins der meir enn 80% ynskjer exit-alternativet.

Til slutt er det også viktig å gjenta poenget som vart gjot innleiingsvis i dette notatet: Sjølv om førespurnaden til å sjå nærrare på fordelinga av førehandsrøyster kjem frå den gruppa av aktørar som ynskjer at gamle Haram skal ut av Ålesund kommune, er ikkje dette notatet noko partsinnlegg som er meint å skulle forsvare ulike val i denne prosessen. Spørsmål om kommunegrenser er eit politisk spørsmål.